

DEN NORSKE KIRKE

Aukra kyrkjelege fellesråd / Aukra sokneråd

Innkalling til møte

Utvalg Aukra sokneråd
Møtedato 23.01.2018
Møtetid kl. 19.10
Møtestad Kyrkjelydshuset

Innkalte:

Svein Løwe, Ingunn Hjelmås, Mette Myrseth Oterhals, Gro Merete Hoksnes, Inga Sølvi Korsvik Melby, Jan Magne Breivik, Oddmund Arne Varhaugvik, Anja Helen Otterlei og Kristian Finn Risung.

Varamedlemmar:

Stian Marius Sørensen, Berit Marie Sporsheim, Geir Ove Tangen, Eva-Beate Opskar Nybø og Inger Kristine Kjellnes.

Innleiingsord:

Oddmund Varhaugvik

Sakliste Godkjenning av innkalling og referat fra sist møte.

Meldingssaker

000018 Feitetysdag
000018 Adventskonsert
000019 Permisjon
000020 Saksgang i saka om økonomien til Aukra sokn i Aukra kommune
000021 Kjøleskap i KLH

Vedtaksaker

Sak 001/18 (F) Budsjet 2018 (Dok: 17/00049-025)
Sak 002/18 (S) Planleggingsdag for Sokneråd og stab (Dok: 18/00001-001)
Sak 003/18 Eventuelt

Adresse:	Tlf	Heimeside	Bankkonto / Org.nr.:
Skogvegen 1a 6480 Aukra	71171540	www.aukrakyrkje.no	4065.07.21545 976997654

Aukra kyrkjelege fellestråd

Arkivsak 17/00049

Dato: 09.01.2018
Arkivsak-namn: Budsjett 2018
Saksbehandlar: BHA
Dokumentnavn : Budsjett 2018
Dokumentnummer: 17/00049-025
Løpenummer: 000006/18
Arkivkode: 112

Aukra kyrkjelege fellestråd/Sokneråd gjer vedtak om eit budsjett for soknet etter vedtak i kommunestyret om årleg løyving, helst innan nytt budsjettår. Budsjettet skal vedtakast ein gong årleg, og vere eit styringsdokument for Fellestråd, Sokneråd og stab. Det skal berre gjerast mindre justeringar undervegs i budsjettåret.

Budsjettdokumentet er eit av dei viktige styringsdokumenta som Fellestråd og Sokneråd har gjennom året, saman med plan for trusopplæring, plan for diakoni og plan for kyrkjemusikk.

Vedlagt er forslag til budsjett for Aukra sokn for 2018, etter nye retningslinjer for føring av rekneskap for kyrkjelege fellestråd og Sokneråd. Aukra sokn har ei årleg løyving på kr. 3 416 000 frå Aukra kommune, samt ei løyving frå Kyrkjerådet på kr. 257 000 til trusopplæring.

Vedlagt er budsjettet som er utarbeidd av Arbeidsutvalet, som forslag til budsjett for Aukra sokn i 2018.

Det er lagt inn midlar til renovering av altarringen, og til innkjøp av svanehal til leseputen i kyrkja, og ingen tilsette har fått reduksjon i stillingane sine. Det er lagt opp til at det må vere eigenfinansiering av all arrangement utanom ordinær drift, og redusert på alle utgifter som ikkje er heilt nødvendige. Det er og satt av kr. 80 000 til reduksjon av meirforbruk frå 2016.

Forslag til vedtak frå Arbeidsutvalet

Aukra kyrkjelege fellestråd/Sokneråd godkjenner budsjettet for 2018.

Vedtak

Aukra sokneråd

Arkivsak 18/00001

Dato: 11.01.2018
Arkivsak-navn: Planleggingsmøte
Saksbehandler: BHA
Dokumentnavn: Planleggingsdag for Sokneråd og stab
Dokumentnummer: 18/00001-002
Løpenummer: 000007/18
Arkivkode: 365

Saksframstilling

Soknerådet og stab skal ha ein planleggingsdag for 2018 tidleg på året, der medlemmane i Soknerådet og staben deltek. Målet er å skape engasjement for deltaking i soknet, auke interessa for kristent arbeide og fellesskap i soknet, og å skape eit miljø der fleire kan kjenne seg heime, og der det er ønskje om å engasjere seg og vere delaktig i. Planleggingsdagen kan og vere ein arena for skape nye prosjekt, arrangement og skape initiativ og inspirasjon både for Soknerådet og staben. Hovudmålet er å vekke og nære det kristne livet i Aukra sokn på ein god måte, og få med fleire i kyrkjelyden i alle aldersgrupper, både som deltakarar og frivillige.

Arbeidsutvalet set dato for planleggingsdagen, og leiar/nestleiar i Soknerådet, Sokneprest og Kyrkjeverje får ansvaret for å planlegge samlinga.

Forslag til vedtak frå Arbeidsutvalet

Arbeidsutvalet tilrår planleggingsdag for Soknerådet torsdag 1.mars kl. 17.00. Sokneprest og Trusopplærer får ansvar for å innleie og leie samlinga saman med leiar i Soknerådet.

Vedtak